



Vil du bidra til å skape gode dagar for barn og unge ved Hildre Montessoriskule?

Vi søker dyktig og entusiastisk lærarar. Er det deg?

Frå og med 01.08.24 blir det ved Hildre Montessoriskule ledig 100% vikariatstilling som lærar. Det kan bli kontaktlæraransvar i stillinga.

Hildre Montessoriskule er ein privatskule med mange lærelystne barn og motiverte og trivelege tilsette. Vi arbeider for å utvikle læring gjennom montessoripedagogikken og treng difor kompetente, engasjerte og nytenkjande medarbeidarar som er stolte av faget sitt og som kvar dag brenn for å legge til rette og å bringe fram det beste i kvart enkelt barn.

Om stillinga

- 100% vikarstilling som lærar med oppstart 01.08.24
- Varigheit ut skuleåret 2024/2025 med høve for forlenging
- Søknadsfrist 05.05.2024

Arbeidsoppgåver

- Undervisning av elevar ihht. opplæringslova, med utgangspunkt i dei grunnleggande prinsippa i Montessori-læreplanen
- Fagleg og sosial oppfølging av elevar
- Potensielt kontaktlæraransvar
- Tett samarbeid med konseptansvarleg om det montessoripedagogiske
- Tett samarbeid med kollegaer

Kvalifikasjonar

- Godkjend undervisningskompetanse for tilsetjing i grunnskulen og/eller formell utdanning
- Fortrinnsvis tilleggstudanning i montessoripedagogikk
- Fortrinnsvis undervisningskompetanse innan norsk, samfunnsfag og/eller RLE på ungdomsskulenivå
- Fortrinnsvis spesialpedagogisk kompetanse



Personlege eigenskapar

- Du er nytenkande og har høge ambisjonar for elevane og organisasjonen si læring
- Du har gode samarbeidsevner, er open, inkluderande, skaper tillit og engasjement
- Du er ein god rollemodell for elevane og er ein god relasjonsbygger
- Du er strukturert, målretta og har gjennomføringsevne
- Du har god nynorsk skriftleg og munnleg framstillingsevne
- Personlege eigenskapar vil bli vektlagt

Vi tilbyr

- Lønn etter gjeldande tariff
- Arbeidstidsordning etter sentralt avtaleverk
- Gode pensjons- og forsikringsordningar
- Utfordrande og spennande oppgåver
- Geografisk område i vekst
- Høve for varig tilsetjing ved behov
- Eit skulemiljø med engasjerte kollegaer, føresette og skuleeigarar
- God oppfølging av konseptansvarleg og rektor

Det krevjast godkjend politiattest for arbeid i skulen.

For meir informasjon, sjå heimesida www.hildreskule.no, for spørsmål og søknad ta kontakt med:

Steffen André Kråkenes (dagleg leiar/rektor) på 91 19 13 34 og e-post: steffen.krakenes@hildreskule.no

Søknadsfrist: 05.05.24